

# Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)  
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

---

## KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

### VII. EITT- OG TO-ORDSINNSKIFTER UTAN SETNINGSFORM

[**858**] N-28957. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 45; 1990b:[38/39].)

Innskrifta står på ei beinnål, 118 mm lang med 16 mm breitt blad og elles diameter på 7 mm. Funnet vart gjort i 1975, felt FE, hovudfase 6. Det tilseier arkeologisk datering av funnkonteksten til tredje kvartal av 1100-talet. Det er runer på den eine sida av bladet, mellom enden og eit hol ved overgang mellom blad og skaft på nåla. Innskrifta er berre 7 mm lang og runene 14 mm høge. R. 1 er forma som eit djupt snitt med to tynne parallellsnitt. Dei står i såpass avstand frå hovudsnittet at dei vanskeleg kan oppfattast som omattringar for å gjera runa tydelegare. Med eit visst atterhald er teiknet oppfatta som **i** her. Også r. 2 har eit lite ekstra snitt nedst på staven, som elles synest å vera dobbeltskoren. Her er det likevel ingen tvil om at teiknet må lesast som **k**.

l(?) Y '

**i(?) k s**

Innskrifta kan vera ei avstytting, kanskje eit monogram, men det synest i alle fall uklårt kva referansen i så fall skulle vera.

Innskrift og gjenstand kan samanstillast med dei følgjande N859, 860, 861 og N534 (Mære kyrkje) som alle er innskrifter på tilsvarande nåler frå Trøndelag, jamvel om dei tre første av desse alle er av tre og berre N534 av bein som denne her. Einast N534 synest å gi sikkert grunnlag for språkleg tolking. Interessante parallellar til denne beinnål frå trondheim er å finna i to liknande beinnåler frå utgravingane av mellomalderbyen i Schleswig (SL 2 56.05/125. 30/8 og Q14/T20) Den første av desse er 175 mm lang, bladet 17 mm og diameter 5 mm, med innskrifta **i u b u t p r** (to-sidig **t**). Den andre er 165 mm lang, blad 20 mm og diameter 5-8 mm med innskrift

**a**

**n p**, baa innskrifter også her utan noka klår språkleg meining.